

Lett og spanande turområde med store variasjoner



Frå parkeringsplassen på Turrhaug, syd for nedkjørselen til Nystølen, går du vidare mot Rødungen før du tek av på privat hytteveg til høgde. I enden av denne vegen finn du stigen som fortsett vidare oppover til du har passert tre-grensa. No kan du sjå Rødungvegen slynge seg mot Tullestølen. Du kan også sjå ned på Ål og vidare nedover i dalen. Dessutan ser du Reinskarvet på den andre sida av dalen og Skogshorn mot Hemsedal. I ryggen har du Veslesang og litt nord for den sjølve Sangenuten.

Følg varda stig langs platåskrenten heilt fram til foten av Sangenuten i lett kupert terreng. Vel på toppen får du endå meir


utsikt med Hallingskarvet og Hardangerjøkulen i vest. På toppen av nuten finn du ei hytte med teknisk utstyr og ei telemast, samt ei gjestebok som du kan signere i.

For vegen nedatt har du fleire moglegeheiter, sjå kartet. Ei rute er å gå forbi Sangefjellet og Veslesang. Her går det ein noko kupert men godt stig.

Eit anna alternativ er å ta stigen som går rett ned til Pilegrimstigen. Her passerer du fine rasteplassar og eit par flotte badekulpar. Nede på Pilegrimstigen kan du anten ta til venstre/austover og ned til Rødungvegen att, eller fortsette frå



Foto: Hilde N. F



For meir detaljert kart sjå: Veståsen og Sangefjell, 1:50 000

den høgste pilegrimsvarden og vidare til Naturkatedralen, om lag 30 minutt frå stigkrysset. Sjå også tur 8.1 Naturkatedralen – Veslestølen og 8.2 Pilegrimstigen til Sangefjell.



Følg Rv. 7 vestover frå Ål langs Stranda-fjorden, ta av til venstre i Kleivi og inn på Sangefjellvegen. Følg denne i om lag 8 km til Turrhaug. Betalingsbom.



Parkering ved Rødungvegen på plassen ved Turrhaug.



Ca 7 km t/r. Ca 2 - 3 timar t/r.
1020 - 1189 moh.



Sangefjell Naturkatedral.



God stig, noko kupert mot toppen.

